



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	03.12.2013
Tid:	13:30 – 17:45

Medlemer som møtte:

Camilla Storøy Hermansen	Medlem	KRF
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Tor-Sindre Steinsvik	Medlem	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP
Olaug Andreassen	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP

Andre: Rådmann Erlend Krumsvik

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller

Eigedomsleiar Robert Myklebust

Kulturleiar Eileen Gjerde

Sekretær Brit Berge

Planleggar Ole Magne Rotevatn

Skuleleiar Sølvi Lillebø Remøy

Arrangementsleiar Bjørn Holum

Til å skrive under møteboka saman med ordføraren vart desse valde:

Margaret Leinebø og Karly Teige

F-sak 230/13 var handsama etter F-sak 227/13.

F-sak 235/13 vart lagt fram i møte.

Camilla Storøy Hermansen og Margaret Leinebø fekk permisjon kl. 17:30

Til slutt i møtet orienterte ordføraren om prosessen med evt. ny lokalisering av Tussa kontoret.

Underskrifter

Margaret Leinebø

Arnulf Goksøyr

Karly Teige

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 213/13	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 214/13	Protokoll frå førre møte
PS 215/13	Delegasjonssaker
PS 216/13	Referatsaker
PS 217/13	Utgiftsføring - ufåande krav
PS 218/13	Forskrift om hausting av tare - uttale
PS 219/13	Søknad om kjøp av to bustadtomter i Feirelia - Jeik A/s
PS 220/13	Budsjettkontroll per 30.09.2013
PS 221/13	Funksjonsinndeling av fylkesvegnettet i Møre og Romsdal.
PS 222/13	Overføring av stilling Bustadkonsulent frå NAV Herøy til Eigedomsavdelinga
PS 223/13	Prioritering av samferdselsprosjekt 2013
PS 224/13	Endring i selskapsavtale for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS.
PS 225/13	Detaljreguleringsplan for Verket - slutthandsaming
PS 226/13	Ny barneskule på Bergsøy - val av utbyggingstomt
PS 227/13	Runde Miljøsender - Støtte til arrangementet "Kaldt hav - Heite spørsmål".
PS 228/13	Tertialrapportering per 01.09.2013.
PS 229/13	Budsjettendringar 2013
PS 230/13	Drift av kino i Herøy frå 1.1.2014
PS 231/13	SSIKT - Driftssenter
PS 232/13	Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av Aktivitetspark i Tjørvgå samt støtte til tiltaket
PS 233/13	Søknad om startlån
PS 234/13	Startlån - refinansiering av gjeld
PS 235/13	Herøy Janitsjar - Søknad om underskotsgaranti
	Delegasjonssaker frå avdelingane
DS 50/13	Kjøp av 80/29 på Leikong.
DS 51/13	Kjøp av g.nr. 80 b.nr. 23 av Jeik AS
DS 52/13	Skjenkebevilling - ta skjenkeløyve med ut av lokalet - Madelynn Coffee

Referatsaker

RS 45/13

Rapport for kontroll av
tilskotsforvaltninga på
landbruksområdet.

RS 46/13

Møtekalendar 2014

PS 213/13 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 214/13 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 215/13 DELEGASJONSSAKER

Møtebehandling:

Delegasjonssaker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 216/13 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 217/13 UTGIFTSFØRING - UFÅANDE KRAV

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 03.12.2013

Krav, stort kr 29.635,50 vert utgiftsført slik på konto 14701 (tap på krav), ansvar 4041 (kulturhus og idrettshall) og funksjon 386 (kommunale kulturbygg).

PS 218/13 FORSKRIFT OM HAUSTING AV TARE - UTTALE

Møtebehandling:

Formannskapet kom med slikt tillegg til tilrådinga frå Maritim og teknisk komite, siste avsnitt:
samt Treholmane, Lisje- og Storevoren.

Vedtak i Formannskapet - 03.12.2013

Formannskapet ber om at det vert gjort grundige vurderingar knytt til kva konsekvensar taretråling vil ha for fuglefredningsområda og fuglebestanden i Herøy.

Formannskapet ber vidare om at det vert innført forbod mot taretråling i nærleiken av Kvalsvik hamn, langs innsida av Skorpa og Koparstadlandet samt Treholmane, Lisje- og Storevoren rundt Runde.

PS 219/13 SØKNAD OM KJØP AV TO BUSTADTOMTER I FEIRELIA - JEIK A/S

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 03.12.2013

Herøy formannskap gjer unntak for kommunale retningslinjer for sal av kommunale tomter slik:

1. Jeik AS får kjøpe bustadtomta gnr. 81, bnr. 37
2. Jeik AS får kjøpe bustadtomta gnr. 81, bnr. 38

PS 220/13 BUDSJETTKONTROLL PER 30.09.2013

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 03.12.2013

Budsjettkontrollen per 30.09.2013 vert teken til vitande.

PS 221/13 FUNKSJONSINDELING AV FYLKESVEGNETTET I MØRE OG ROMSDAL.

Møtebehandling:

Formannskapet kom med slikt tillegg til tilrådinga, kategori C-sambindingsvegar:
FV Stokksund-Sande

Rådmannen si med tilråding med tillegg vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 03.12.2013

Herøy Formannskap ber om at FV654 vert plassert i **kategori A- Svært viktige vegar.**

FV17, Hjelmeset-Mjølstadneset, Frøystad- Hjelmeset og FV 10 Stokksund-Sande vert plassert i **kategori C- sambindingsvegar.**

Grunngjevinga:

FV654 er ei svært viktig trafikkåre for kommunen og Marine Harvest. Vegen har stor verdi for transport og trafikk til andre landsdelar og vegen knyt fleire bu-, arbeids- og serviceregionar saman.

FV17, Hjelmeset-Mjølstadneset og Frøystad- Mjølstadneset er alternativ beredskapsveg for FV654, veg med høgare funksjon.

FV 10 Stokksund-Sande er alternativ beredskapsveg for FV 654 og FV 61, veg med høgare funksjon.

PS 222/13 OVERFØRING AV STILLING BUSTADKONSULENT FRÅ NAV HERØY TIL EIGEDOMSAVDELINGA

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 03.12.2013

1. Stillinga som Bustadkonsulent, og tilhøyrande lønsmidlar, overførast frå NAV Herøy til Egedomsavdelinga
2. Tenestene knytt til stillinga blir også flytta til Egedomsavdlinga, jmf saksutgreiinga
3. Overflyttinga skjer så snart det er praktisk mogleg

PS 223/13 PRIORITERING AV SAMFERDSELSPROSJEKT 2013

Møtebehandling:

Formannskapet kom med framlegg om slikt tillegg til tilrådinga, Store regionale prosjekt:

2. Rovdefjord-sambandet.

Det vart røysta i to omgongar.

Formannskapet sitt framlegg om tillegg vart samrøystes vedteke.

Rådmannen si tilråding med tillegg vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 03.12.2013

Herøy kommunestyre ber om at prioriteringane som er opplista innanfor dei einsskilde programområde vert innlemma i Møre og Romsdal Fylke sitt investeringsprogram/planramme for fylkesveggar for den komande planperioden.

Prioritering:

Store regionale prosjekt (SRP)

1. E39 – HAFASST, ferjefritt fastlandssamband
2. Rovdefjordsambandet

Store prosjekt (SP)

1. Innfartsveg Fosnavåg
2. Mjølstadneset – Røyra
3. Nykrem – Leikongsætra

Mindre utbetringar (bruer)

1. Herøybrua
2. Nerlandsøybrua
3. Rundebrua
4. Remøybrua
5. Dragsundbrua

Mindre utbetringar (tunnellar)

1. Sæviktunnellen

Mindre utbetringar (MU- andre investeringar)

1. Skarabakken
2. Leine- Remøyholmen
3. Indre Herøy krk – Stokksundbrua*
4. Flusundkrysset – Fosnavåg
5. Kvalsund – Teigeneset
6. Huldal- Igesund

7. Nerland – Øvre Kvalsvik
8. Moltu skule – Sandvika

*Inkl.gang og sykkelveg

Gang og sykkelveg (G/S)

1. Kalveneset – Torsethøgda
2. Nykreim- Djupvik, Leikong krk – Leikongbakken
3. Frøystad- Torvik
4. Sandvika – Raftenes
5. Moltustranda
6. Djupvika- Myrvåg

Trafikktryggingstiltak

1. Planfri kryssing Frøystadtoppen

PS 224/13 ENDRING I SELSKAPSAVTALE FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS.

Møtebehandling:

AP v/Per Kristian Furø kom med framlegg om å sende saka tilbake til administrasjonen for utgreiing om kva låneopptaket skal brukast til.

AP sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 03.12.2013

Saka vert sendt tilbake til administrasjonen for utgreiing om kva låneopptaket skal brukast til.

PS 225/13 DETALJREGULERINGSPLAN FOR VERKET - SLUTTHANDSAMING

Møtebehandling:

Ole Magne Rotevatn, utviklingsavdelinga møtte og orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 03.12.2013

Kommunestyret eigengodkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12 *Detaljreguleringsplan for Verket* med plankart datert 10.10.2013, føresegn datert 7.11.2013 og planomtale datert 7.11.2013.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jamfør plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI innan 3 veker frå kunngjering.
Klaga skal stilast Fylkesmannen som er klageinstans og sendast til Herøy kommune.

PS 226/13 NY BARNESKULE PÅ BERGSØY - VAL AV UTBYGGINGSTOMT

Møtebehandling:

Eigedomsleiaren og skuleleiaren møtte og orienterte.
Formannskapet kom med framlegg om slik endring i tilrådinga frå rådmannen:
Pkt. 2.: og framdriftsplan for plan- og arkitektkonkurranse – vert stroke.
Det vart røysta i to omgongar.
Framlegget frå formannskapet om endring vart samrøystes vedteke.
Rådmannen si tilråding med endring vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 03.12.2013

1. Kommunestyret vedtek at ny barneskule for Bergsøy skal byggast på kommunal eigedom mellom Bergsøy skule Blåhaugen og Ytre Herøy ungdomsskule.
2. Kommunestyret ber Rådmannen om å utarbeide funksjons- og arealanalyse for ny barneskule og oversende denne til Kommunestyret for godkjenning saman med forslag til mandat.
3. Kommunestyret ber Rådmannen om å ta særleg omsyn til kommunens langsiktige utfordringar knytt til kommunal bygningsmasse ved utarbeiding av funksjons- og arealprogram og i størst mogleg grad syrgje for at eit nybygg bidreg til auka sambruk, effektivitet, fleksibilitet og funksjonalitet.

PS 227/13 RUNDE MILJØSENTER - STØTTE TIL ARRANGEMENTET "KALDT HAV - HEITE SPØRSMÅL".

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 03.12.2013

- 1) Herøy kommunestyre gir eit tilskot på kr. 100.000 til utstillinga Kaldt hav - heite spørsmål.
- 2) Tilskotet tas frå disposisjonsfondet, og gis som ei intern overføring til Herøy kulturhus for dekking av husleige og auka personellressursar i utleigeperioden.
- 3) Runde Miljøsender får benytte Herøy kulturhus kostnadsfritt til utstillinga «Kaldt hav - heite spørsmål».

PS 228/13 TERTIALRAPPORTERING PER 01.09.2013.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.
Formannskapet ber om at det for ettertida vert utarbeidd ei enklare og ikkje så detaljert form for rapportering.

Tilråding i Formannskapet - 03.12.2013

Saka vert tatt til vitande.

PS 229/13 BUDSJETTENDRINGAR 2013

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 03.12.2013

Det vert gjort slike endringar i budsjett 2013:

	Opp/ned	Sum	*)
Konto 18700 (skatt på inntekt og forue), ansvar 9013 og funksjon 800	ned	10 000 000	1*
Konto 18000 (rammetilskott), ansvar 9013 og funksjon 840	opp	8 100 000	2*
Konto 19092 (verdiauka aksjar), ansvar 9012 og funksjon 870	opp	3 000 000	3*
Konto 17280 (momskomp inv.), ansvar 9013 og funksjon 120	ned	1 770 000	4*
Konto 19050 (aksjeutbytte), ansvar 9011 og funksjon 870	opp	2 870 000	5*
Konto 15000 (renteutgifter), ansvar 9011 og funksjon 870	ned	1 000 000	6*
Konto 15100 (avdragsutg), ansvar 9011 og funksjon 870	ned	1 000 000	7*
Konto 18000 (statstilskott), ansvar 9011 og funksjon 870	ned	500 000	8*
Konto 10100 (lønn), ansvar 9017 og funksjon 190	opp	760 000	9*
Konto 10900 (pensjon), ansvar 9017 og funksjon 190	opp	120 000	
Konto 10990 (arb.gj.avg), ansvar 9017 og funksjon 190	opp	120 000	
Konto 15500 (avs. til dispfond), ansvar 9017 og funksjon 870	opp	2 700 000	10*
Konto 16400 (avg pliktig årsgebyr), ansvar 5131 og funksjon 353	opp	600 000	11*
Konto 16500 (avg pl sal av varer/tenester), ansvar 5131 og funksjon 353	opp	170 000	
Konto 15500 (avsetning til bunde fond), ansvar 5131 og funksjon 353	opp	770 000	
Konto 18101 (statstilskott), ansvar 1271 og funksjon 120	opp	650 000	12*
Konto 11303 (datakommunikasjon), ansvar 1271 og funksjon 120	opp	650 000	
Konto 18101 (statstilskott), ansvar 3421 og funksjon 244	opp	325 000	13*
Konto 10100 (lønn), ansvar 3421 og funksjon 244	opp	240 000	
Konto 10900 (pensjon), ansvar 3421 og funksjon 244	opp	50 000	

Konto 10990 (arb.gj.avg), ansvar 3421 og funksjon 244	opp	35 000	
Konto 18101 (statstilskott) ansvar 3111 og funksjon 232	opp	190 000	14*
Konto 15500 (overf. til bunde fond), ansvar 3121 og funksjon 232	opp	190 000	
Konto 18101 (øyrem statstilskott), ansvar 3121 og funksjon 232	opp	200 000	15*
Konto 15500 (overf. til bunde fond), ansvar 3121 og funksjon 232	opp	200 000	
Konto 18101 (øyrem statstilskott), ansvar 3131 og funksjon 241	opp	600 000	16*
Konto 15500 (overf. til bunde fond), ansvar 3131 og funksjon 241	opp	600 000	
Konto 18101 (øyrem statstilskott), ansvar 3141 og funksjon 241	opp	210 000	17*
Konto 1500 (overf. til disp fond), ansvar 9017 og funksjon 241	opp	210 000	
Konto 18101 (statstilskott), ansvar 3331, funksjon 254	opp	780 000	18*
Konto 13700 (kjøp frå private), ansvar 3331, funksjon 254	opp	780 000	

PS 230/13 DRIFT AV KINO I HERØY FRÅ 1.1.2014

Møtebehandling:

Kulturleiaren og arrangementsleiaren møtte og orienterte. Rådmannen si tilråding vart vedteken mot ei røyst.

Tilråding i Formannskapet - 03.12.2013

Kommunestyret vedtar at Herøy kommune skal overta drifta av kinoen i Herøy frå 1.1.2014.

PS 231/13 SSIKT - DRIFTSSENTER

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 03.12.2013

1. Kommunestyret godkjenner vedlagte utkast til samarbeidsavtale.
2. Kommunestyret delegerer mynde i samsvar med punkt 4 i samarbeidsavtalen.
3. Kommunen sin del av drifts- og investeringskostnadane, ifylgje vedlagte budsjett for SSIKT – Driftssenter, skal innarbeidast i kommunen sitt budsjett for 2014.

PS 232/13 IDRETTSFUNKSJONELL FØREHANDSGODKJENNING AV AKTIVITETSPARK I TJØRVÅG SAMT STØTTE TIL TILTAKET

Møtebehandling:

Formannskapet kom med framlegg om slik endring i tilrådinga:

Endra pkt 3:

Herøy kommune skal stille lånegaranti for eit lån som Tjørvåg IL skal ta opp på inntil kr.2,2 mill. Lånet skal reduserast når tilskot og mva er utbetalt. Ein føresetnad for lånegaranti er godkjenning frå fylkesmannen.

Rådmannen si tilråding med endring vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 03.12.2013

1. Herøy kommune førehandsgodkjenner planane om aktivitetspark plassert mellom Stokksund skule og Tjørvåg stadion, med dei merknader som er nemnt i saksutgreiinga.
2. Herøy kommune skal forskottere spelemidlane til bygging av aktivitetsparken med inntil kr. 900.000 i 2014 og inntil spelemidlane vert utbetalt, men under føresetnad at søknadane om spelemidlar vert godkjent frå fylket si side.
3. Herøy kommune skal stille lånegaranti for eit lån som Tjørvåg IL skal ta opp på inntil kr. 2,2 mill. Lånet skal reduserast når tilskot og mva er utbetalt. Ein føresetnad for lånegaranti er godkjenning frå fylkesmannen.
4. Herøy kommune skal yte eit årleg driftstilskot til aktivitetsparken etter ein nærare utarbeida avtale som skal politisk handsamast.
5. Før byggearbeida vert sett i gong må Tjørvåg IL ta nærare kontakt med utviklingsavdelinga og anlegg- og driftsavdelinga for å finne ei betre løysing i høve til kommunevegen og tilkomstvegen, samt tilkomst frå skulen og anlegget elles for rullestolbrukarar.

PS 233/13 SØKNAD OM STARTLÅN

PS 234/13 STARTLÅN - REFINASIERING AV GJELD

PS 235/13 HERØY JANITSJAR - SØKNAD OM UNDERSKOTSGARANTI

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 03.12.2013

Formannskapet gir ein underskotsgaranti på 15.000 kr frå kulturmidlane til Herøy Janitsjar i samband med arrangementet Juleswing på Herøy Kulturhus laurdag 7. desember 2013.

MØTET SLUTT!

DELEGASJONSSAKER FRÅ AVDELINGANE

DS 50/13 Kjøp av 80/29 på Leikong. 18.11.2013 00:00:00

DS 51/13 Kjøp av g.nr. 80 b.nr. 23 av Jeik AS 13.11.2013 00:00:00

**DS 52/13 Skjenkebevilling - ta skjenkeløyve med ut av lokalet - Madelynn Coffee
25.11.2013 00:00:00**

REFERATSAKER

**RS 45/13 Rapport for kontroll av tilskotsforvaltninga på landbruksområdet.
Rapport for kontroll av tilskotsforvaltninga på landbruksområdet. 12.11.2013
00:00:00**

RS 46/13 Møtekalendar 2014 Møtekalendar 2014 26.11.2013 00:00:00